



*Cathrine Maske: Øre, 1997
fotografi silketrykk i glass
Foto: Øystein Klakegg*

Måndag 22. september arrangerte DET TENKENDE ØYE eit symposium på Vestlandske Kunstindustri-museum i Bergen. Emnet deltakarane var inviterte for å drøfta var *Kunsthåndverket lenge leve, eller?* Spørsmålsforma skulle visa seg å vera svært dekkande for korleis mange opplever situasjonen nett no. Og spørsmålet fekk yttarlegare aktualitet i møtet med *Årsutstillinga Norsk kunsthåndverk 1997* som danna den kunstnarlege ramma for symposiet. To arbeid frå denne utstillinga skal difor innleiingsvis få tena som ei konkretisering av symposiets tema.

Det første verket stod fram som utstillingas signal, for det vart brukt både på plakaten og invitasjons-kortet: Ein gjennomsiiktig, blankpolert glasballe laga av Cathrine Maske (f. 1966). Inni bollen svevar eit foto av eit øyra. Glasbollen tilhøyrer ein serie der ulike kroppsfragment som munn, auga, hand kan symbolisera smak, syn og følesansen. I fotografia er organa gjengitt i naturleg storleik, men glaset har ein for-størrande effekt. Det er fragment av Maskes eigen kropp som er brukte. Både i valet av (den eigne) krop-pen som motiv og i bruken av foto, føyer dette verket seg inn i ein dominerande tendens i 90-talets bil-dekunst. Å få fotoet til å bli ein del av glaset og ikkje berre eit element som ligg utanpå, krev eit stort arbeid. I møtet med resultatet anar vi den grundige utforskinga av material og metodar som må liggja bak, og dette er tradisjonelle kvalitetar i kunsthåndverket. Store delar av arbeidet er gjort av Maske sjølv, men i utforminga av glasbollen har ho fått hjelp av ein glasblåsar på Hadeland. Dermed bryt ho med eitt av dei prinsippa som i mange år definerte kunsthåndverket, nemleg at det vart til i kunsthåndverkarens eigen verkstad. Det er heller ikkje noko «handlaga» over det ferdige resultatet. Sjølv om fotoet symboli-serer ein menneskeleg og sanseleg kontrast, så minner den perfeksjonistiske og «kjølege» utsjånaden mest om eit designprodukt. Slik bryt Cathrine Maske med den ekspressive tradisjonen som elles domine-rer norsk kunsthåndverk-glas. Arbeidet hennar varslar om ei anna kunstnarleg orientering og arbeids-form.

Kari Skoe Fredriksen (f. 1967) arbeider også med fotooverføringar til gjenstandar, men det mest slå-ande arbeidet hennar på *Årsutstillinga* var ei (ubrukeleg) urne, laga av oppstabla porselensservise (sjå omslagsill.). I staden for å skapa stadig nye gjenstandar, tar ho utgangspunkt i ting som allereie finst. Slik arkeologane samlar på potteskar som prov på menneskelege aktivitetar i tidlegare tider, kan også «ready-made»-tinga i denne oppstillinga oppfattast som historiske fragment: Kaffikoppene og servisedelane er lada av minne. Å løfta fram trivielle ting på denne måten, og å arrangera dei som eit stilleben, er ein stra-tegi som er utbreidd i bildekunsten. Spørsmålet er så kva eit slikt arbeid gjer på ei utstilling av kunst-handverk. Får denne konteksten oss til å sjå verket med eit anna blikk? Truleg er svaret ja. For leiken med keramisk tradisjon er slåande i Skoe Fredriksens arbeid: Frå bruken av det mest klassiske motivet for ein keramikar, urna, og til referansane til produksjonen av porselensservise. Det er ikkje kva slags «ready-made» som helst som er valde, men dei som representerer keramikens kulturhistorie.

Glasbollen og urna viser kor open dagens kunstsituasjon er, og kor flytande grensene mellom bildekunst og kunsthåndverk er. DET TENKENDE ØYE sitt føremål med symposiet var å ta pulsen på denne situasjo-nen og dei utfordringane dette representerer for kunstmiljøet. Det var naturleg å ta utgangspunkt i dei nye kunsthøgskulane fordi dei legg grunnlaget for neste generasjon kunsthåndverkarar/bildekunstnarar/designarar. Samstundes ønskte vi å undersøka korleis kunsthåndverkaranes grenseoverskridande praksis blir oppfanga og forstått i innkjøpskomitéane og på kunstindustri- og bildekunstmusea.